

ÅRSMELDING 2019

FOR

MIDSUND

SOKNERÅD / FELLESRÅD



1. PLANOMRÅDE

Kyrkja har følgjande fire områder:

- 1.1 Kyrkjeadministrasjon
- 1.2 Kyrkja
- 1.3 Gravplassar
- 1.4 Andre kyrkjelege formål, herunder trusopplæring 0 – 18 år

2. MÅL FOR VERKSEMDA

Oppfylle intensjonane i lovverka som gjeld for soknerådet si verksemd, med den status som Midsund sokn har i følge kyrkjelova.

§1 seier følgjande om formålet med kyrkjelova:

Å legge tilhøva til rette for eit aktivt engasjement og ei stadig fornying i den evangeliske lutherske folkekyrkja i Noreg.

Midsund Sokneråd har funksjon som sokneråd med ansvar og oppgåver i kyrkjelyden jf. §9 i kyrkjelova, og som fellesråd med administrative og økonomiske oppgåver jf. §14.

I soknerådet 2015 – 2019 sit:

Medlemar:

Daniel Sjøvik
Kristi Jensen
Ståle Stølen
Yendami Petit Sjøvik
Liv Johanne Opstad
Kåre Terje Bjørnerem

Vara til soknerådet:

Ann Elin Nygård Myhre
Nils Stian Rakvåg
Reidar Heggdal
Asbjørn Malvin Ræstad
Oddlaug Jorunn Røsvik Misund

Biskopens representant:
Sokneprest Harald Kjell Sunde

Vara:
Kristian Finn Risung, sokneprest i Aukra

Kommunens representant:
Nora Helene Dyrseth Blø

Vara:
Adrian Sørli

I soknerådet for 2019 – 2023 sit:

Medlemar:

Daniel Sjøvik
Beth Helen Tomren Løken
Aslaug Jensen Sanden
Liv Johanne Opstad
Ståle Stølen
Kåre Terje Bjørnerem

Vara til soknerådet:

Anita Ræstad
Asbjørn Malvin Ræstad
Svein Edmund Misund

Biskopens representant:
Sokneprest Harald Kjell Sunde

Vara:
Kristian Finn Risung, sokneprest i Aukra

2019 var siste året der Midsund Sokneråd både var sokneråd og fellesråd. Frå 2020 er Midsund Sokneråd berre sokneråd og soknerådet si oppgåve er uttrykt slik:

Soknerådet skal ha si verksemd vendt mot alt som kan gjerast for å vekke og nøre det kristne livet i kyrkjelyden, særleg at Guds Ord kan verte rikeleg forkynt, og at sakramenta vert gjeve til sjuke og døydne. Få barn og unge samla om gode formål, døypte vert gjevne dåpsopplæring. Hjelp vert gjeve der det er åndeleg og lekamleg naud.



KORT OMTALE AV VERKSEMDA

- Sakshandsaming for soknerådet
- Tilsyn med, drift og vedlikehald av kyrkje, kapell og gravplassar
- Forordna kyrkjelege handlingar
- Diakonalt arbeid i kyrkjelyden
- Dåpsopplæring, konfirmantundervisning, trusopplæring, medarbeidarfostring
- Kyrkjekonsertar, kyrkjebladet og anna kyrkjelydsarbeid

3. ØKONOMI

3.1 RESSURSBRUK

Tala er gjeve i heile 1000 kr	Rekneskap				Budsjett			
Samla resultat								
	2016	2017	2018	2019	2017	2018	2019	2020
Driftsutgifter	2 384	2 547	2 317		2 457	2 707	2 259	
Driftsinntekter	2 314	2 226	2 329		2 225	2 707	2 551	
Netto utgift/inntekt	- 70	- 320	- 12		-232	0	292	
Finansutgifter	2	80	2	2				
Finansinntekter	79	80	77	233				
Netto utgift/inntekt	75		75	232				

3.2 KOMMENTAR TIL RESSURSBRUK

Midsund Sokneråd hadde eit samla ovrskot på kr 281 461,18 for 2019. Inntektene som fellesrådet/soknerådet har utanom tilskotet frå kommunen, er utleige av kyrkja (kr 0), preludering (kr 8 000), festeangift (kr 117 100), takkoffer til eiga arbeid (kr 64 991,87) og andre gåver (kr 34 141,25) kom inn på gjevartenesta.

Dei statlege trosopplæringsmidlane var på kr 206 000. Utgiftene til konfirmantarbeidet var på kr 5 889 i 2019, Dette er utgifter til konfirmantcup på Aukra, Aktivitetsdag på Nord-Heggdal, forutan innkjøp av nytt konfirmantopplegg og mat.

Utgifter til innkjøp av 4-års bøker, 6-års bøker, barnesalmebøker og biblar til utdeling kom på kr 25 309.

		3.3 OVERFØRINGAR FRÅ MIDSUND KOMMUNE OG STATEN				
	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Kommunen	1 644 600	1 650 000	1 690 000	1 730 000	1 630 000	1 650 000
Staten	141 000	199 414	140 304	195 000	200 000	224 856
		3.4 SOKNERÅDET SINE TOTALE MIDLAR PLASSERT PÅ DISPONIBLE OG BUNDNE FOND PR 31.12.:				
	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Bundne driftsfond	33 928,50	33 928,64	155 556,84	155 156,84	155 556,84	155 556,84
Ubundne driftsfond	641 501,20	725 816	536 103,71	297 103,71	217 282,44	487 423,22, av dette kr 285 286,04 til soknerådet

3.5 KONKLUSJON FOR REKNESKAPEN 2019

Det var ikkje budsjettert bruk av fond for 2019. På grunn av vakanse både av organist og trusopplærar gjekk fellesrådet med eit overskot på kr 202 133,18. Soknerådet gjekk med eit overskot på kr 79 328. Dette er innsamla midlar gjennom gjevartenesta og takkoffer.



4. GJENNOMFØRT I 2019

4.1 VEDTAK GJORT I SOKNERÅDET/FELLESRÅDET

Det vart halde 5 sokneråds/fellesrådsmøte der 34 saker vart behandla og 2 soknerådsmøte i det nye soknerådet

- Oppnemning av valstyre og nominasjonsnemnd til soknerådsvalet 2019
- Vidare samarbeid med samarbeidsområdet Aukra, Midsund, Sandøy
- Samarbeid om Kyrkjebladet etter samanslåingar til nye kommuner
- Tilsetting av ny trusopplærar
- Godkjenning av kandidatliste nytt sokneråd
- NaMu Naturleg kyrkjevekst møte
- Medarbeidarfest
- Kyrkjelydsdagane 2019
- Prestestova si framtid
- Kantorstillinga
- Gudstenste julaftan redusert frå to til ei gudsteneste

4.2 KYRKJELEG ÅRSSTATISTIKK

	2015	2016	2017	2018	2019
Døpte heimehøyrande i Midsund	16	13	9	10	14
Dåp i Midsund sokn	20	18	13	12	15
Konfirmerte	27	18	22	30	30
Vigslar i Midsund sokn	5	2	5	1	0
Kyrkjeleg vigde, busett i Midsund		2	3	1	0
Førbøn for borgeleg vigde	0	0	0	0	1
Gravferder	20	21	15	27	18
Gudstenester i alt	56	55	52	50	49
Samla tal deltakarar	3678	3345	3170	3500	3799
Av desse:					
hovudgudsteneste på søn- og helgedagar	46	47	45	45	41
familiegudstenester/ungdomsgudstenester	12	8	6	9	12
gudsteneste med nattverd	35	34	32	30	31
nattverdsgjestar	790	682	653	662	768
Tal gudstenester fordelt mellom gudstenestestadane:					
Otrøy kyrkje	39	38	35	34	32
- skulegudstenester	2	3	2	2	2
- barnehagegudstenester	1	1	0	0	0
Nord-Heggdal kapell	9	9	9	9	10
Søre-Midøy kapell	4	4	4	3	3
Aldersheimen	3	3	3	3	3
Friluftsgudstenester	1	1	1	1	1

Takkoffer, innsaml. og gåver	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Offer til andre	93 663	72 260	69 725,50	72 222	74 470	73 546	83637,48	65 685
- til eiga verksemd	39 858	28 880	34 972,50	39 573	34 354	38 311	72291,17	64992
Fasteaksjon	26 768	26 466,50	30 064,00	31 150	27 745,50	29 280	28833	24908
Gåveinnt./gjevarten.	9 500	22 950	40 140,00	34 230	34 500	39 775	69997	34141

4.3 ADMINISTRASJON OG PERSONAL

Stillingar:	Kyrkjeverje	Svanaug Lervik	65 %
	Kyrkjetenarar	Per Steinar Aasheim	10 %
	Kyrkjetenar	Kristi Jenset	20 %
	Kantor	David John Williamson 31.03.2019	60 %
	Klokkar	Per Steinar Orvik	12 %
	Trusopplærar	Liane Schuldt	30 %

Arrangement i kyrkjelyden i 2019

Følgjande arrangement vart gjennomført:

- Årsmøte vart halde i Otrøy kyrkje etter gudstenesta den 10. mars, der 23 møtte. Møtet var leia av Daniel Sjøvik, leiar i soknerådet. Årsmeldinga vart gjennomgått og det vart gjeve høve til kommentarar. Under økonomi vart det spurt om kva «andre gåver» er for noko og kva soknet kan rekne med å få av økonomiske midlar i den nye kommunen. Det var også ønske om informasjon om det er gjort noko for å få ny prest og ny organist. Under kyrkjelydsarbeidet vart det spurt om alt er på plass for Fasteaksjonen – her informerte Kåre Bjørnerem om at alt var i gang. Han informerte også om at han og Kari frå 2020 ikkje lenger vil vere leiarar for Fasteaksjonen. Liv Johanne Opstad påpeikte at sjølv om dei frivillige gjer ein god jobb, er det viktig å få på plass ein trusopplærar for å følge opp dei døypte. Sokneprest Harald Sunde meinte det er viktig å ha en evaluering av konfirmantopplegget slik det har vore hausten 2018 og våren 2019.
- Kyrkjevekstmøte med NaMu (Naturlig menighetsutvikling)
- Konfirmantfest på bedehuset for konfirmantar og deira føresette
- Festivalkonsert med Anita Skorgan
- Soknerådsval – førehandsrøysting i Otrøy, Nord-Heggdal og Omsorgssenteret etter gudstenester. Sokneråds- og bispedømerådsvalla vart halde på Midsund bibliotek der 117 personar var innom og stemte.
- Kyrkjelydsdagane
- Fellesnemndmøte – Samanslåing Molde, Midsund og Nesset i Midsund halde i Løa hos Per Steinar Orvik

4.4. KYRKJEBYGGA

Otrøy kyrkje og Nord-Heggdal kapell

Tilstandsrapport laget av Hamsto etter at de hadde utført befaring både i Otrøy kyrkje og i Nord-Heggdal kapell. Befaring og rapport vart betalt av Molde kirkelige fellesråd

4.5 KYRKJEGARDANE

Det vart ikkje utført arbeid av spesiell art på kyrkjegardane i kommunen.

4.6 KYRKJELYDSARBEIDET/DET FRIVILLIGE ARBEIDET

Midsund Sokneråd vil nytte høvet til å takke og gje honnør til alle leiarar og medhjelparar i barne- og ungdomsarbeidet og alle dei som sit i dei ymse utvala. Dei gjer eit viktig frivillig arbeid i kyrkjelyden. Fleire har brukt mange år av sitt liv i dette arbeidet, noko det verkeleg står respekt av. Soknerådet vil også takke alle som stiller opp som kyrkjevertar, kakebakarar og til kjøkkenteneste.

Eit annleis dukketeater

Dette er eit opplegg for 2 og 3 åringane. I 2019 møtte 4 born i Otrøy kyrkje der dei fekk ei framsyning av ei bibelfortelling.

Søndagsskulen.

Solstrålen søndagsskule held til på Betania bedehus og har møte ein gong i månaden.

Familiefesten

Laurdag under kyrkjelydsdagane er det familiefest der 7 åringane vert spesielt invitert. Det var kjekt å sjå at fleire ungdomar møtte, men dessverre var det ingen 7 åringar der.

Brevopning

Dette er eit nytt opplegg for 17 åringane. Då dei var konfirmentar skreiv dei eit brev til seg sjølv som dei får utlevert på slutten av året dei er 17 år. Fordi det var særskilt mykje for trusopplærar og prest i desember 2019 vart opplegget utsett til tidleg i januar 2020. Det var dessverre berre 4 som møtte til dette arrangementet.

Utdeling av Mi kyrkjebok til 4-åringane

I 2019 var det 12 av 15 som kom i Otrøy kyrkje og fekk boka Linda og den vesle kyrkja.

Utdeling av 6-års bok

I 2019 var det 16 av 21 6-åringar som fekk boka Mi kyrkjebok-6 år i kyrkja. Etter gudstenesta var det kyrkjepiknik på kyrkjetrappa, der det vart servert pølser og kaker, og leik.

Utdeling av barnesalmeboka til 3. klassingane

I 2019 vart 23 born invitert til å få barnesalmebok. Av desse kom 8 til kyrkja og tok imot barnesalmeboka.

Utdeling av biblar til 5. klassingane og bibelsmugling

I 2019 var det 8 som fekk utdelt Konfirmentbibelen. Etter gudstenesta var det piknik på kyrkjetrappa der soknerådet serverte pølser, saft og kaffi.

Minikonfirmentane.

Minikonfirmentane er eit opplegg for 5. klassingane. I 2019 var det 7 born som tok del i opplegget. Minikonfirmentopplegget i 2019 hadde 3 samlingar, den første var på bedehuset der minikonfirmentane hadde oppgåver og leiker i av dei i kyrkja. Samlinga i kyrkja kalla vi Kyrkjeutforskarkveld, der ungane fekk utforske alter og alterring, skipet som heng i kyrkja, bileta på galleriet, orgelet, tårnet og sakristiet. Det var samling i våpenhuset, ved døypefonten, preikestolen og bautaen. Laurdag før gudstenesta var det opplegg på Midøyskulen der dei las og hadde quiz frå både det gamle og det nye testamentet. Minikonfirmentopplegget vart avslutta med familiegudstenesta i Nord-Heggdal på søndagen, der møtte 5 av minikonfirmentane.

Konfirmentane.

På hausten 2018 starta eit nytt kull på 30 ungdomar, 16 gutar og 14 jenter. Oppstarten vart litt utsett, då Møre bispedømekontor ikkje klarte å skaffe konfirmentlærar. Etter forslag frå vår vikarsokneprest Harald Sunde vart konfirmenttimane ein del av gudstenesta. Det vart òg sett opp 5 konfirmentgrupper som møtte heime hos frivillige gruppeleiarar. Desse hadde 3 møte i 2018, og 4 møte på foråret 2019. Under fasteaksjonen stiller konfirmentane opp som bøssebærarar. Det var 30 unge som gjekk til konfirmasjon i 2019.

Aktivitetsdag

Konfirmentane møttest i Nord-Heggdal Vel sitt forsamlingslokale, der dei fekk velje mellom tre forskjellige aktiviteter.

1. Matlaging – her laga dei fiskeball, fiskekaker og fiskegrateng. Instruktørar var Anna Heggdal, Heidi Aklestad Heggdal og Asgeir Nerbø.
2. Maling på lerret. Tema for maleria var Peters fiskefangst. Instruktør var Dirk Armin Miltz.
3. Husflidsarbeid. Toving og maling av påskeegg og påskekyllingar. Midsund Husflidslag stilte med instruktørar.

For kullet 2019 – 2020

Hausten 2019 starta 20 ungdomar på si konfirmantundervisning. Undervisninga gjekk føre seg i gudstenesta slik førre konfirmantgruppe starta med. Også desse konfirmantane vart delt opp i grupper som møtte heime hos frivillige gruppeleiarar og medhjeparar. Det var 3 gruppemøte før jul og skal vere 4 møte på våren 2020.

KonfAction 2019

Midsund reiser annakvart år til KRIK-leir i Bø med 2 kull med konfirmantar. Det var ikkje tur i 2019.

Ving

er eit tilbod til unge i alderen 8 – 13 år. Dei samlast på bedehuset anna kvar onsdag, der dei har forskjellige aktivitetar. Marie Tholvsen Nygård og Kari Bjørnerem er leiarar for Ving. Dei hadde 13 samlingar i 2019. Det var 12 unge som samlast i 2019.

Speidarane

I 2019 var det 40 speidarar i Midsund til saman i 2019. Dei er oppdelt i tre nivå, Oppdagarar (7-8 år), Stifinnarar (9-10 år), Blå vandrarar (11-12 år) og Grøne vandrarar (Frå 13). Dei har fokus på etisk engasjement – korleis hjelpe andre. Dei fleste av samlingane går føre i friluft. Dei lærer gjennom formingsarbeid, lek og dugleikstrening. Kvart år er dei med i ei gudsteneste anten i Otrøy kyrkje eller i Nord-Heggdal kapell der dei deltek med dramatisering av preika, former og les bøner. I 2019 vart det ikkje gudsteneste med speidarane.

Diakonale tiltak

Presten og organisten har halde 16 andaktar på Midsund Omsorgssenter i 2019. Forutan andaktane var det 3 gudstenester på Midsund omsorgssenter.

Kyrkjebladet

I Midsundredaksjonen sat Perdy Raknes, Olav Sjøvik, Maceane Marques Nygård, Anita og Asbjørn Ræstad i 2019. Midsund har ansvaret for 3. kvart nummer. Sandøy Sokneråd er styre for Kyrkjebladet frå 2018 og 4 år framover.

Utal

Trosopplæringsutvalet

I diakoniutvalet for perioden 2016 – 2019 sit:

Yendami Petit Sjøvik, Hilde Hole, Inger Marie Sjøvik, Camilla Stølen Søvde og Liane Schuldt, trusopplærar og sekretær for utvalet. Ho starta opp i august 2019

I trosopplæringsutvalet for perioden 2019 – 2023 sit:

Hilde Hole, leiar, Inger Marie Sjøvik, Beth Helen Tomren Løken, Aslaug Jensen Sanden og Liane Schuldt, sekretær. Trosopplæringsutvalet har sitt ansvarsområde for kyrkjelyden sitt arbeid blant barn og unge frå 0 til og med 17 år.

Diakoniutvalet

I diakoniutvalet for perioden 2016 – 2019 sit:

Kåre Bjørnerem, Ann Elin Nygård Myhre, Nils Stian Rakvåg og Oddlaug Røsvik Misund. Kåre Bjørnerem er leiar for utvalet.

I diakoniutvalet for perioden 2019 – 2023 sit:

Daniel Sjøvik og Randi Anna Hånes

Gudstenesteutvalet

I gudstenesteutvalet for perioden 2016 – 2019 sit:

Ståle Stølen, Kristi Jensen, Reidar Heggdal, Kjellaug Orvik og Daniel Sjøvik.

Soknepresten og kantoren er med i utvalet i kraft av sine stillingar. Soknepresten leiar utvalet.

Soknerådet vil sjølv vere gudstenesteutval for perioden 2019 – 2023.

Oualia misjonsutval

I misjonsutvalet for perioden 2016 – 2019 sit:

Liv Johanne Opstad, Perdy Raknes, Aud Reidun Aasheim og Asbjørn Ræstad.

Utvalet har hatt fokus på misjon i kyrkjelyden, og kyrkjelyden sitt internasjonale engasjement.

I misjonsutvalet for perioden 2019 – 2023 sit:

Liv Johanne Opstad, Perdy Raknes, Aud Reidun Aasheim, Ståle Stølen, Anita og Asbjørn Ræstad.

Utvalet har hatt fokus på misjon i kyrkjelyden, og kyrkjelyden sitt internasjonale engasjement.

Soknerådet sitt medlem i bedehusstyret:

Bibelkontakt: Ståle Stølen.

Kirkens SOS-kontakt: Kåre Bjørnerem.

Kirkens Nødhjelp kontakt: Svein Edmund Misund.

Å vere kyrkje.

Det lyser frå eit bål
det varmar frå ein eld,
nokon har nørt opp.
Vil dele lys og varme
så slitne, frosne og utstøytte
kan kjenne fellesskap,
få livsmot og næring
på vandringa.

LJO febr 2018

